



TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 4 2020

35. ÅRGANG

**Nordfjord-
hytta 60 år
vart feira
med rjøme-
graut i godt
lag 3. okt.!**



FOTO: Alf Reidar Dale

- og mellom
måltida var
det tevling i
hestesko-
kasting...



FOTO: Alf Reidar Dale

**- før Dagfinn
gav oss hytte-
historikken
og Anny baud
på blautkake...**



Leiaren – eit år på sparebluss...

Gode medlemmar!

Eit uvanleg år går mot slutten, men det er likevel grunn til å vere takksame for det vi har fått til i laget dette året.

Ringen har merka det mest, men fekk øvt nokre gongar før nedstenginga i mars. Leikarringen har diverre ikkje kunna ta opp att øvingane i haust, men styret og rettleiar vurderer utviklinga. No er også folkedanskveldane avlyste ut november.

På Nordfjordhytta har det vore både rekeselskap og 60-årsfeiring. Elles har fleire teke turar til hyttene. Slik det no ser ut til, vert desse ein viktig møteplass også i året som kjem. Då fyller Sunnfjordhytta 60 år.

På vegner av oss i styret takkar eg for all innsats og optimisme i 2020, og **ønskjer alle ei god jul og vel møtt til eit nytår.**

Helsing

Agnar Kvellestad, leiar

Bruk av lagshyttene

Det vart ikkje smalahove på Sunnfjordhytta i år, grunna koronapandemien. Men det er fullt mogleg å nyte lagshyttene for folk i lag og leikarringen i haust og vinter, berre de tek visse smittevernomsyn:

- Alle må følgje offentlege forbod, påbod og tilrådingar som gjeld.
- Alle må skrive seg på liste med namn, adresse og telefonnummer.
- Antibac må brukast både når ein kjem og medan ein er på hytta. Felles vaskefat og såpe skal ikkje nyttast.

Årsmøtet 2021

Årsmøtet 2021 i Sogn og Fjordanelaget i Oslo vert **torsdag 18. februar** på eit møterom i Nordahl Bruns gate 22. Start **truleg kl. 19.30**. Det kjem vi tilbake til. Det vert kan hende høve til å delta også via t.d. Zoom.

Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2020, medlemspengar for 2022 og planar og budsjett for 2021, val av tillitsfolk og av utsendingar til årsmøta i BLS og i Det Norske Teatret.

Saker som ein vil ha opp på årsmøtet, må meldast til styret **seinast 20. januar 2021**, anten i e-post til styreleiaren*, i brev til Sogn og Fjordanelaget i Oslo, Nordahl Bruns gate 22, 0165 Oslo eller i laget sin postkasse i Nordahl Bruns gate 22.

Innkalling med sakspapir vert sendt ut fjorten dagar før årsmøtet.

Styret i Sogn og Fjordanelaget i Oslo v/Agnar Kvellestad (leiar)

* agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Nordfjordhytta runda 60

med mykje god mat, stil og stemning

Jammen fekk dei det til, festkomiteen for 60-årsjubileet til Nordfjordhytta! Laurdag 3. oktober vart det runde åremålet feira med alt det beste på ordet; masse god mat og prat, litt song, historikk – og hesteskokasting!

Og festnemnda, det var hyttevert **Dagfinn Aa**, veteran **Astrid Gjørven** og nestleiar i laget, **Anny Sollid**. Dei hadde gjort eit solid forarbeid også, både med å gjera grundig reint i heile hytta onsdagen før, kjøpa inn mat og drikke og frakta opp, og syta for at reinsemd og smittevernstiltak vart sette i verk og fylgte på feiringa.

TEKST og FOTO: Alv Reidar Dale

Festmaten var, som han brukar å vera ved slike høve på Nordfjordhytta, rjømegraut og spekemat, saft og flatbrød, feitt og godt!



FOTO: Alv Reidar Dale



FOTO: Alv Reidar Dale

Jubileumsmarkeringa av Nordfjordhytta 60 år vart naturleg nok sungen inn med Nordfjordsongen (i mest alle år nyttå på Klubbefesten), framført ute på vollen ved hytta.

I alt 16 stykke var med på å feira Nordfjordhytta 60 år, ein lett tilårskomen jubilant i god stand.



FOTO: Alv Reidar Dale

Med minst ein meter avstand og peisvarmen
i ryggen kosa gjestene Asta Hovland Heggen,
Helga Holmøy Ryssdal, Kari Sunniva Elde,
Oddgeir Havn og Per Heggen seg skikkeleg med
rjømegraut og rosiner, spekemat og flatbrød.

Og hyttevert Dagfinn skjenkjer i saft og får folk
til å trivast. Medan han og hine to i festnemnda,
Astrid Gjørven og Anny Sollid laut sitja i matstova,
men såg ut til å vera nøgde med det – og antibacen.

To av stamgjestene,
Ingeborg Fagnastøl og Astrid
Gjørven, ved kake- og kaffibordet.



FOTO: Alv Reidar Dale



Nordfjordhyttene – hyttehistoria i kortform

Av *Dagfinn Aa*

Hytta ved Aurevann

Etter å ha vurdert fleire tomtar i markene omkring Oslo over ein periode på 9 år, kom Nordfjordlaget i 1950 over ei tomteannonse i Aftenposten. Tomta på 4,7 mål låg ved Aurevann i Lommedalen. Ein delegasjon på fire mann drog for å sjå på plassen. Dei skildra det dei såg slik: «Tomta var eit funn! Her var det idylliske omgivelser, fine badeforhold sommarstid og glitrande skimulegheiter vinterstid». I tillegg følgde der med fiskerett i Aurevann. Det var fleire interessentar. Den som først kunne leggje kjøpesummen på 3.000 kroner (63.000 i 2019-verdi) på bordet, fekk tomta. Det måtte difor handlast raskt, raskare enn laget klarte å skaffe fullmakt. Det ordna seg på den måten at ein frå delegasjonen var først ute i kjøpekøen og kjøpte tomta privat. Seinare vart den overdregen til laget.

Sommaren 1950 starta arbeidet på tomta. Hausten året etter (1951) stod hytta ferdig. Alt arbeid vart gjort på dugnad. Det hadde då gått med 475 dagsverk. Samla kostnad var 12.000 kroner (216.000 i 2019-verdi).

Hytta var ikkje før teken i bruk, før det frettest at hyttene rundt Aurevann skulle ekspropriertast av Bærum kommune som om få år skulle bruke Aurevann som baseng for eit nytt vassverk.

Litt uklart kor lenge laget kunne bruke hytta, men ho var i alle fall i bruk til midtsommarstemne 1956.

Taksten på tomt og hytte vart sett til kr 28.000 (435.000 i 2019-verdi)

Bygginga av hytta hadde skapt stor aktivitet i laget, og hytta vart flittig brukt. Det naturlege behovet for hytte var til stades. Dette tilsa at laget gjerne ville kome i gang med å byggje ei ny hytte snarast råd. No måtte laget på ny ut på tomtejakt..

Til 50-årsjubileet i 2010 fekk Nordfjordhytta som gavé frå laget eit historisk kart over hyttetomtane ved Aurevann. Det heng i dag i matstova på Nordfjordhytta.



FOTO: Dagfinn Aa ©

Hytta på Eineåsen

I 1954 fekk laget kjøpe ny tomt på 3,1 mål på Eineåsen ovanfor Rykkinn.

Ikkje alle var like tilfreds med denne tomta. Der var dårlegare skittereng enn i Lommedalen, og der mangla badeplass. Nemnd vart sett ned for å finne ei meir høveleg tomt, men marknaden var no blitt så vanskeleg at dette arbeidet vart innstilt.

Det skulle gå fire år før bygginga kom i gang. På lagsmøte i februar 1958 vart det vedteke å byggje ny hytte. Startkapitalen frå laget var på 30.000 (413.000 i 2019-verdi). Seinare vart det sett ned ei finansieringsnemnd som skaffa 10.000 (137.000 i 2019-verdi), hovudsakleg på diverse dansearrangement. Ein medlem bidrog med 2.000 (27.000 i 2019-verdi) i privat lån.

Hytta, som er 85 m² bygd i bindingsverk, er teikna av arkitekt Gunnar Eide frå Sandane. Han var bror til Petter Eide, som for mange i laget er meir kjend. Arbeidet med grunnmuren (dugnad) tok til i september 1958, og den stod ferdig i oktober. Bygging av reisverket starta med det same.

Sjølv om laget leigde noko til materialtransport, så var det mange og tunge bører på ryggen. I mai 1959 kan vi lese i hyttearbeidsboka: «Vi bar og vi bar og vi bar glaskarmar, papprullar mm.». Ved eit anna høve: «Svære børar med material frå Rykkinn».

Noko av det siste var peisinnsatsen: «Det var ein hard jobb for to mann å bere opp peisen + kalk og sement, så det skal gjere pokker så godt å få seg ein god søvn».

I august 1959 var det kranselag for alle som hadde arbeidd på hytta 2 dagar eller meir. Det var dekt til førti personar. På menyen stod det – rømmegraut.

Under bygginga var det ikkje snakk om å halde kviledagene heilag. Heller ikkje 17. mai tok dugnadsfolket seg fri. Frå 17. mai 1960 kan vi lese i arbeidsdagboka: «Laking av golv. Feiring av nasjonaldagen

med kjøtkake, bløtkake, flagg i bjørk og hornmusikk frå bygda».

I desember 1960 på festmøte i Storsalen vart hytta overlevert frå byggjekomiteen til laget. Totalt gjekk det med over 800 dagnadsdagsverk, 740 gjort av 12 mann (61 dagsverk per mann).

Interessant å lese om arbeidsdelinga mellom gutter og jenter. Det var tydeleg deling i mannskarbeid og kvinnenskarbeid. Nokre døme på dette frå arbeidsdagboka:

- «Arbeid med tilskjæring av tømmer. Damene har sola seg og kokt kaffi».
- «Det er mykje ein kan ta seg til med for jentene og!» (underforstått: her er arbeidsoppgåver som til og med jentene kan utføre).
- «Gutane jobba med snikring, jentene rydda rundt huset».

I mai 1961 var det innviingsfest for dei som hadde arbeidd mest med hytta, ca 25 stykke. Menyen var rømmegraut, blautkake og kaffi. I referatet frå festen kan vi lese: «Rømegrauten var første klasse, og rikeleg hadde vi. Det vart ei feststund ved bordet, og det vanta korkje sang eller taler. Formannen bar fram takk til arbeidsfolka for det gode arbeidet. Kvelden gjekk i hyggeleg selskap med dans og leikar. Ein baud på kaffi og kaker seinare, og det vart lyse morgonen før nokon i det heile kom til å snakke om blund på auga. Ein fekk inntrykk av at alle storlikte seg».

Blant dei 25 inviterte finn vi *Astrid Gjørven*, som framleis er aktiv brukar av hytta. Ho var med i komitéen for både 40-, 50- og 60-årsjubileet. Imponérande!



Hyttevert Dagfinn Aa kunne ta imot gjestene under vimpelen i ei provisorisk flaggstong, her i prat med Kari S. Elde. Faren hennar, Jakob Elde, var med på å bygge hytta.

Litt om bruken

På 60-70-talet var hytta mykje brukt. 2 hytteansvarlege (hyttefar og hyttemor) kvar helg. Mange både helge- og dagsbesøk. Frå mars og ut årstid 1961 var det 275 overnatningsbesøk og 300 dagsbesøk. Prisane var 2 kr for overnatting og 1 kr for dagsbesøk.

Av tilskipingar kan nemnast: Grisefest, lagsleirkurs, komparskalkefest, midtsommarfest, dansekurs, skirenn.

På 80-90-talet vart det tydeleg mindre bruk. Hytteansvarlege for kvar helg vart det slutt på. Det meste av aktiviteten var no arrangement. Litt spontan helgebruk og litt uteleie.

Av tilstellingar kan vi nemne: O-løp, nyttårsfeiring, skirenn. Ein vinter var det ope hus med enkel servering søndagar i skisesongen.

På 2000-talet og fram til i dag har aktiviteten vore på eit lite, men nokolunde

stabilt nivå. Litt spontanbruk. Nokre få arrangement i året, der reke- og oste-selskap har vore fast tradisjon i mange år. Ein haust hadde vi fast avtale om uteleie til Berger skole. Litt uteleie elles.

Oppgradering/fornyng

I grove trekk er hytta med innbu nokså lik slik ho var i 1961. Litt oppgradering har det likevel vore:

- På 80-talet fekk vi nytt massivt salongbord og sofabenk i peisestova.
- På 90-talet fekk vi installert solcellestraum og utedass. Hytta fekk motorsag, som gjorde vedhogsten vesentleg mindre arbeidskrevjande.
- I 2012 laga vi ny flaggstong av furu på eiga tomt. Stonga ramla ned sommaren 2020 av ukjend røteskade. Dessverre hadde vi difor ikkje flaggstong under 60-årsjubileet, og vi måtte improvisere med ei stong ut gjennom loftsgluggen på jubileumsdagen. Planen er å få opp ny flaggstong neste sommar.
- I 2018 laga vi nytt utebord med benker av grantømmer frå eiga tomt.

– og på jubileumsfeiringa

**3. oktober
overrekte nestleiar i laget,
Anny Sollid,
gåvebrev til
å kjøpe ny
koketopp til
kjøkenet.
Dagfinn Aa tok
vel imot den
kjærkomne
gåva.**

Gåvebrev

til Nordfjordhytta 60 år

Ja, så drøg du på år, du ör – men du held deg godt.

Du står stødig og god, lagfolk i Nordfjordlaget som høye deg for 60 år sidan. Ingle lile kryp ut dei du din klar til bruk! Mange var dei som tok ruta opp hit til Nordfjordhytta, og du var mykje brukt i flere tilat.

Tilsetten endra seg, du var etter kvart mindre brukt, men du varo godt ertert og vedlikeholden i alle år.

Nokre nyttingar har komme til underveg, både inne og ute.

Når du no rundar 60 år som laghytte, vil laget gratulere og gje ei gåve: ein ny koketopp trengst!

Så på vegner av ert i laget giv til tilsynsmannen i oppdrag å skaffet til tusa ein ny og havelig koketopp, og få den på plass og i bruk no i haust.

Konradene for koketoppen og tilkapping tek laget.

Sogn og Fjordanelaget i Oslo
3. oktober 2020



STYRET

Leiar: Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

Kasserar: Hilmar Nummedal 92 06 72 63
hilmarnum krøllalfa outlook.com

PRESSE & PR

Leiar: Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p)
a.r.e.dale krøllalfa admin.uio.no

HYTTESTYRET

Leiar: Aqnar Hegrenes 92 49 64 38
agnar.hegrenes krøllalfa outlook.com

Kontakt Sunnfjordhytta: 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)
Andor Gjelsvik
andorgj krøllalfa frisurf.no

Kontakt Nordfjordhytta: 45 00 49 33
Dagfinn Aa
aa12 krøllalfa online.no

SOGN OG FJORDANDERINGEN

Leiar: Ingjerd Torsby 913 16 368
sofingjerd krøllalfa gmail.com

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo
